

# Årsmelding 2009

for

## Herand Bygdelag

I 2009 har det vore 12 styremøte.

Ein gjennomgang av protokollane viser:

- Sparebank 1 fekk tilbodet om ny forsikring av skulehus og Meieriet til kr. 31000.
- Me vart innmeldte i Frivillighetsregisteret.
- Me hadde dugnad i kulturstien etter at folk hadde meldt frå om ein fårleg plass der det ikkje var sett opp gjerde.
- Det vart løyvt kr. 10000 til naturmøteplass på Sveleite.
- Herand Aktiesagbruk var 100 år og fekk etter søknad kr. 5000 til å laga ein film om saga.

Etter initiativ frå ordførar Sigrid B. Handegard blei me einige om å sjå på svingen ved Meieriet saman med Statens Vegvesen. Det var einigheit om at me skulle få eit fareskilt med ”born leikar” med opplysningsskilt under med opplysning ”leirskule”.

Styret vedtok å ikkje uttala seg om reguleringsplan i Vik.

Det var mykje dugnadsarbeid på skulen, innvendig med ny utstilling (ei reise gjennom 9000 år) og utvendig måling. I tillegg kom det nye planter framfor hovudinngangen til skulen.

På krambua i Vik blei det vaska og rydda, og me fekk kulturgjenstandar frå rett tidsalder i gåver og på lån. Utover sommaren var det ope fleire laurdagar med sal av krotakaker, mjølkekaker, eplekaker, flatbrød, egg, honning etc. Dette var eit populært tiltak i bygda.

Etter den store dugnaden på skulen var me spente på bygdedugnaden siste laurdagen i april. Den vart på ein flott vårdag. Mange prosjekt var innmeldte og dei fleste vart fullførde. Ein positiv ting med dugnaden var at så mange unge frå 15-årsalderen deltok. Bygda treng ei oppgradering på våren og når det møter opp 100 entusiastar, så blir det sosialt med fin stemning. Det viktigaste var at det blei utført eit stort arbeid for å gjera bygda finare å bu i.

Under Herandsdagane var det mange aktivitetar. Me må vurdera grundig om det er behov for alt som skjer. Kanskje me kan avgrensa aktivitetane litt til neste gong.

Det vart et lite overskot i drifta av barnehagen ( kr. 7324). Grunna forandring av barnehagelova er det utarbeidd nye vedtekter. Styret i Bygdelaget er styret for Barnehagen, og dagleg leiar i barnehagen er sekretær for styret i desse sakene. Når det gjeld økonomiske berekningar av våre kommunale tilskot til barnehagen, som er baserte på skjønnsvurderingar, så er det Private Barnehagers Landsforbund som tek seg av dette, og også ankar til Fylkesmannen når dei finn det nødvendig.

Me har ikkje avslutta prosjektet ” Herand - den kulturhistoriske bygda”, men dei opphavlege tilskota er utbetalt til Bygdelaget og godkjende både antikvarisk og regnskapsmessig. Det er

søknadar om tilskot inne både i kommune, fylkeskommune, bankar og stiftingar. Slik at me reknar med å være ferdige innan mai/juni 2010.

Bygda sine lag og organisasjonar brukar skulehuset flittig. Det er me glade for, fordi det var meininga med kjøpet av skulen. Mange trur at kommunen gjev oss store tilskot til drifta. I 2009 fekk me kr. 20000 til lagshus og kr. 12000 til lagsarbeid. Desse midlane saman med inntekter frå basaren og husleige frå barnehagen er Bygdelaget sine største inntekter. Julemessa gjev oss fine gevinstar til basaren, då alle utstillarane må ut med ein gevinst kvar som "husleige". Julemessa var også i år på ein laurdag, med sal av graut, kaffi og kaker. Etterpå var det fakkeltog til båthamna og tenning av julegrana der.

2. juledag var det også i år julefest og det passa for mange å vera med.

3. juledag var det bygdelagsbasar. Bygdelaget takkar bygdefolk og besøkande i julehelga for det store oppmøtet. Me har aldri opplevd før at det har vorte for lite årar på ein basar, men det skjedde denne gongen. Det må lagast fleire årar til neste gong.

Bygdelaget gjev blomar til dei som flyttar til bygda. I 2009 blei det innkjøpt 5 blomar.

Stillaset som vi kjøpte saman med Bedehuset og Grannahuset har vore i bruk både vår, sommar og haust.

Styret får mange positive tilbakemeldingar om Bygdebladet og heimesida vår. Det blir nedlagt mykje verdifullt arbeid av dei som arbeider med dette. Og fleire tilbakemeldingar tyder på at lesarane våre nesten ikkje kan venta til bladet kjem.

Bygdefolk, lag og organisasjonar jobbar for ei levande bygd og Bygdelaget vil takka for alle i bygda som bidreg til dette. Me arbeidar saman for å ha ei av dei vakraste bygdene i Noreg.

-styret-



Krambua i Vik



Tenning av Julegrana – Nissen delar ut pakkar ti borna.



Julemessa



Opning av Herand Kulturhistoriske senter.